



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/5143-8

27. januar 2020

Tildelingsbrev til Forskningsrådet

1. Innleiing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Norges forskningsråd (Forskningsrådet) for 2020. Vi viser til Prop. 1 S (2019-2020) og budsjettvedtak nr 99 av 5. desember 2019 og budsjettvedtak nr 185 av 11. desember 2019 i Stortinget. KMD viser også til tildelingsbrev til Forskningsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Norges forskningsråd

Regjeringa har fastsett følgjande fem mål for verksemda til Forskningsrådet:

- Mål 1: Auka vitenskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgjeving

Vi viser til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1 Sektorpolitiske prioriteringar frå KMD

Tildelingane frå KMD til Forskningsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2 Auka verdiskaping i næringslivet og mål 3 Møte store samfunnsutfordringar.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar
Anny Skarstein
22 24 49 12

KMD legg spesielt vekt på breie tverrgående satsingar på departementet sine ansvarsområde, slik at spørsmål om lokalt demokrati og lokalt sjølvstyre, statleg styring av kommunane, styrings- og samarbeidsformer i offentleg sektor, ekom, digitalisering og innovasjon, bustadspørsmål, bygningspolitiske spørsmål og planleggings-, utbyggings- og utviklingsspørsmål blir sett i ein samanheng.

KMD er opptatt av forskning som medverkar til omstillingsdyktige regionar og velfungerande næringsmiljø.

Departementet vil medverke til at fleire bedrifter brukar forskning i innovasjonsarbeidet sitt, at fleire fagmiljø i FoU-institusjonane blir relevante samarbeidspartnarar for næringslivet, og at samanhengen mellom regional og nasjonal innsats for forskingsbasert innovasjon blir styrka.

KMD er vidare opptatt av

- demokratisk og effektiv styring, planlegging og forvaltning
- fornye, forenkle og forbetre offentleg sektor
- eit sterkare sosialt tryggingnett.

2.2 Styringsinformasjon

Vi viser til KD sitt tildelingsbrev punkt 3 for styringsinformasjon som gjeld dei måla som er felles for alle departementa. For krav til rapportering viser vi til omtale i punkt 5 i KD sitt tildelingsbrev.

Vi viser elles til punkt 5 om rapportering i dette tildelingsbrevet.

3. Budsjettdelingar og fullmakter for 2020

KMD stiller i 2020 totalt 347,3 mill. kroner til disposisjon for Forskingsrådet.

3.1. Forskingsprogram

KMD stiller totalt 61 932 mill. kroner over kap. 500, post 50 Forskingsprogram og 205,6 mill. kroner over kap 541, post 50 til disposisjon til ulike forskingsprogram.

Midlar tildelt Forskingsrådet over kap. 500, post 50 og kap. 541, post 50 skal i hovudsak ta i vare det breie sektoransvaret for forskning, med særleg vekt på anvend eller bruksretta forskning. Midlane skal medverke til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innan ansvarsområda til KMD. Vi viser til omtale av samfunnsutfordringar innan KMD sine sektorar i Prop. 1 S (2019–2020) for KMD. Samfunnsutfordringar på KMDs ansvarsområder er også gjort greie for i *KMDs forsknings- og utviklingsstrategi (2015–2020)*.

Fordeling av midlar på forskingsprogram

Tabell 1 – kap. 500, post 50

Program	Budsjett [tall i tusen]
DEMOS	40 000
FORKOMMUNE	5 132
VAM	7 550
JPI Urbant Europa	2 800
SAMISK	3 500
SAMKUL	2 950
SUM	61 932

Av tildelinga til DEMOS er 2,0 mill. kroner øyremerka vidareføring av satsinga på regionaløkonomiske modellar i DEMOS-programmet, og 3,6 mill. kroner øyremerka til vidareføring av oppdrag om evaluering av kommune- og regionreforma. Forskningsrådet er også, innan ramma av DEMOS, tildelt ansvaret for forvaltning av valforskningsprogrammet, jf. brev av 10. februar 2015 for Stortingsvalundersøkinga og brev av 18. april 2018 for Lokaldemokratiundersøkinga (lokalvalundersøkinga).

Forskingsinnsatsen på planfeltet vert vidareført i 2020. Det er til saman stilt 8,4 mill. kroner årleg til rådvelde til prosjekt under DEMOS knytt særskilt til forskning innan planfeltet. Under føresetnad av at Stortinget løyver tilsvarande årlige beløp til same formål fram til og med 2024, som er sluttåret for DEMOS sin programperiode, vil totalsummen være 50,4 mill. kr. I samråd med Forskningsrådet har departementet konkludert med at midlane til ny planforskning blir lyst ut under søknadstypen "Kompetanse- og samarbeidsprosjekter (KSP)". Vidare er det semje om å dele utlysinga i to – den første med ei ramme på 20 mill. kr og oppstart 2020, og den andre med ei ramme på 30 mill. kr og oppstart 2021. Departementet har tett dialog med Forskningsrådets administrasjon om oppfølginga av del 1 og tilrettelegginga for del 2. Vi viser elles til departementet sitt tilleggsbrev til Forskningsrådet av 20. februar 2019 om vilkår og ønskje knytt til planforskninga under DEMOS.

FORKOMMUNE skal medverke til innovasjon i kommunesektoren gjennom å utvikle ny kunnskap, og å syte for ei betre kopling mellom kommunesektor, forskingsmiljø og andre kunnskapsaktørar.

Norsk deltaking i JPI Urbant Europa vart styrka med 1 mill. kroner fom. 2019. Den auka andelen held fram på same nivå tom. 2024.

Midlane som er sett av til SAMKUL skal finansiere forskning som gjeld nasjonale minoritetar. Fleire av prosjekta inngår som tiltak i regjeringa sin handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020. Forsking om førebygging av antisemittisme og gruppebaserte fordommar i skulen er eitt av desse prosjekta. Prosjektet vert også finansiert med midlar over KD sitt budsjett, jf. tildelingsbrev frå KD til Forskningsrådet. Med atterhald om budsjettvedtaka i Stortinget, gjeld

tildelinga til prosjektet fram til og med 2021. Vidareføring vil bli vurdert mot slutten av denne tidsperioden.

Midlane som er sett av til VAM skal medverke til å integrere bustadforskinga i velferdsforskinga gjennom forskning som set bustadsosiale spørsmål i samheng med andre velferdsfelt, som for eksempel arbeid, utdanning og helse.

Tabell 2 – kap. 541, post 50

Program	Budsjett [tall i tusen]
IKTPLUSS	159 846
CRNA	12 575
Simula@UiB	5 225
SIMULA - Grunnløyving	21 400
SAMRISK II	1071
EDOS	5 500
Sum	205 617

IKTPLUSS skal møte utviklinga mot eit stadig meir digitalisert samfunn, og særleg medverke til å møte store samfunnsutfordringar og auka verdiskaping i næringslivet. For 2020 legg KMD opp til tilsvarande fokus som for 2019, der det er teke omsyn til at midlane omfattar overføringar frå Nærings- og fiskeridepartementet og Samferdselsdepartementet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

For målet om auka verdiskaping i næringslivet, skal Forskingsrådet mellom anna utløyse forskingsbasert innovasjon som gir auka konkurranseevne i næringslivet, styrke evna til omstilling i norsk økonomi, og betre samspelet og kunnskapsoverføringa mellom FoU-miljø og næringsliv. Med omsyn til omstilling i norsk økonomi, omfattar det også forskning som ikkje nødvendigvis har direkte nytte i dagens marknad.

Den digitale utviklinga påverkar i dag nær sagt alle offentlege tenester og bidrar til en betydelig digital transformasjon. Det er viktig at IKTPLUSS møter denne utviklinga og utviklar kunnskap om korleis vi framover vel å løyse offentlige oppgåver meir generelt. Auka digitalisering aukar igjen behovet for forskning og innovasjon innan digital sikkerhet og utviklinga av en trygggleikskultur i både private og offentlige verksemdar. Det er viktig at Forskingsrådet er merksam på utviklinga av og transformasjonen mot ein datadriven økonomi og utfordringar knytt til å gjere seg nytte av store datamengder i eit forskings- og innovasjonsperspektiv. Moderniseringa av offentlig sektor ved økt digitalisering synleggjør også behovet for fleire PhD-prosjektar knytt til digitalisering og IKT.

Med omsyn til ekom-området under IKTPLUSS er det viktig at innbyggjarar og næringsliv har tilgang til moderne, robuste og trygge elektroniske kommunikasjonstenester. Det er difor viktig å utvikle kunnskap om effektiv utnytting av infrastruktur, auka trygggleik og avanserte ekomtenester i Noreg. Innsatsen skal gå til område der norske miljø kan hevde seg

kunnskapsmessig og kommersielt, som kan gjere netta tryggare og meir robuste, og der det kan gje eit godt grunnlag for vidare politikk- og regelverksutforming.

SIMULA-senteret si grunnløyving, finansiering av Robuste nettsenteret (CRNA) og finansiering av Simula@UiB blir vidareført på om lag same nivå i 2020. CRNA skal vidareutvikle senterets sensornettverk og særlig forske på problemstillingar knytt til samfunnssikkerhet, neste generasjons mobilnett (5G) , Internett of Things, kjernenett og nasjonal autonomi. KMD ber Norges forskingsråd fortsette å administrere tildelinga og følge opp senteret på vegne av KMD. Også løyvinga til SAMRISK II blir vidareført på om lag same nivå som i 2019.

Simula er bedt om å starte opp et forskingsprogram om Effektiv Digitalisering av Offentlig Sektor (EDOS). Det skal i den anledning opprettast eit forskingssenter med mål om å framskaffe og spreie kunnskap om korleis offentlig sektor kan lykkast betre med å unngå kostnadsoverskridingar og sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar. KMD ber Norges forskingsråd om å administrere tildelinga og følge opp senteret på vegne av KMD for 2020.

3.2. Vekstkraftig næringsliv i regionar og distrikt

KMD stiller totalt 79,8 mill. kroner til disposisjon for Forskringsrådet under programkategori 13.50, Mål 1 Vekstkraftig næringsliv i regioner og distrikt, her under kap. 553, post 74 Klynger og innovasjon. Tildelinga er ein del av den næringsretta innsatsen i regional - og distriktpolitikken. Innsatsen til Forskringsrådet skal finansiere forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION). Det vert ikkje stilt krav til medfinansiering frå fylkeskommunane. Det er ikkje utarbeidd nye retningslinjer for løyvinga for 2020. Dei tidlegare retningslinjene fell bort. Programmet for FORREGION frå 2017 gjeld for 2020. Her er mål, delmål, aktuelle aktivitetar og resultatindikatorar skrive ned. Vi viser til dei kriteria for måloppnåing og for tildeling av midlar som gjeld for ordninga (Prop. 1 S (2019-2020) Kommunal - og moderniseringsdepartementet).

Oppfølging av regjeringa sin nordområdestrategi

Departementet vil i 2020 framleis prioritere mobilisering av bedrifter i Nord-Norge til auka bruk av FoU.

Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa

Departementet følgjer opp målet om auka verdiskaping, med å prioritere satsinga på leverandørutvikling *Høgare opp i verdikjeda (2017-2020)*. Målet er fleire konkurransedyktige leverandørmiljø. 2020 er siste år med finansiering frå KMD. Tiltaka i 2020 er:

- 4,1 millionar kroner til mobilisering av bedrifter over kap. 553, post 74, til auka bruk av FoU, innanfor ramma til FORREGION.
- 9 mill kr til kompetanseutvikling av tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning. Midlane er frå 2020 innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane og teke i vare i den særskilde fordelinga for 2020 under kap. 572, post 60 "Innbyggertilskudd."

Satsinga i nord skal gjennomførast i tett samarbeid mellom departementet, fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland, Sametinget, Innovasjon Noreg og Forskningsrådet i tråd med regjeringa sin nordområdestrategi og felles prosjekttale av 14. juni 2018.

Regionalt partnerskap og regionreform

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som regional samfunnsutviklar. I forvaltninga av FORREGION er KMD opptatt av at Forskningsrådet samarbeider med fylkeskommunane, Innovasjon Norge og Siva om dei regionale måla og strategiar for næringsutvikling. Eit konstruktivt samarbeid vil medverke til at ein kan nå måla for regional - og distriktpolitikken på ein god måte. Samarbeidet skal medverke til ei avklart arbeidsdeling mellom verkemiddelaktørane, og ein god regional infrastruktur for innovasjon.

Fylkeskommunane blir styrka som regional samfunnsutviklar ved at oppgåver og ansvar for fleire verkemiddel som er med å mobilisere og utvikle bedrifter og næringsmiljø i regionen, er overført frå staten til fylkeskommunane frå 1. januar 2020, jf. Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*.

Frå 2020 får fylkeskommunane oppdragsgiveransvar for Bedriftsnettverk, Mentortenensten for gründere og delar av Landsdekkjande etablerartilskot i regi av Innovasjon Noreg, og inkubasjonsprogrammet og næringshageprogrammet i regi av Siva. Fylkeskommunane skal mobilisere og legge til rette for bedriftsutvikling og nyskaping i alle deler av sine fylke. Tidligere kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordningar i distriktene¹ vil frå 2020 bli lagt inn i ein ny post Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, saman med ordningane nemnt over.

Føremålet med å overføre oppdragsgjevaransvaret frå staten til fylkeskommunane, er å gjere det mogleg med ei regional tilpassing av innsatsen under desse ordningane, som til i dag har vore forvalta av staten. Ordningane er særst viktige for å mobilisere og kvalifisere fleire bedrifter og grunderar i distrikta til større marknader og nasjonale støtteordningar. Fylkeskommunane får ansvaret for å utforme og dimensjonere oppdrag til Innovasjon Norge og Siva i sitt fylke ut frå regionale behov og prioriteringar. Føremålet med oppgaveoverføringa er i tillegg å tydeleggjere arbeidsdelinga mellom staten og fylkeskommunane i næringspolitikken.

KMD er opptatt av å få fleire kvinnelege entreprenørar og fleire kvinner inn i leiing og styre. Departementet har som ambisjon at minst 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla innan FORREGION skal nå fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar.

3.3 Disponering og utbetaling av midlar

Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet skal alltid takast opp med KMD.

Dei midlane KMD stiller til disposisjon for Forskingsrådet skal utnyttast effektivt og målretta. Tildelingar som er stilt til rådvelde og ordningar som blir forvalta på vegne av staten, skal disponerast i samsvar med økonomiregelverket i staten og i tråd med statsstøtteregelverket. Forskingsrådet får fullmakt til å endre på fordelinga av midlar mellom program og verkemiddel innanfor løyvinga på ein post, så lenge måloppnåinga vert sikra på lengre sikt. Grunnar til ei endring av fordelinga kan vere ei forsinka programstart eller dårlig søking til ein bestemt utlysing. Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet skal alltid takast opp med løyvande departement. Behov for vesentlege endringar i bruken av midlar skal også takast opp med KMD.

Midlane vert utbetalt i to like delar i januar og august.

4. Felles post for verksemdskostnader

Verksemdskostnadene over KD sitt kap. 285, post 55 skal dekke alle kostnader til drift av verksemda til Forskingsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er FoU-midlar som skal fordelast vidare. Unntaket er nasjonale fag-, tema- og institusjonsevalueringar som framleis vil bli finansiert gjennom FoU-midlane frå det enkelte departement.

Finansiering av forskning, overordna forskingspolitisk og sektorpolitisk rådgjeving skal vere dei oppgåvene som framleis skal ha høgast prioritet, jf. Forskingsrådet sine vedtekter. KMD viser til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskingsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på posten for verksemdskostnader.

5. Rapportering

KMD ber om at sektoransvaret blir lagt til grunn for rapporteringa. Sektoransvaret er utdjupa i punkt 2.1. i dette tildelingsbrevet. Rapportering på bruk av midlane skal skje i tråd med struktur og forventningar til innhald i årsrapport for dei respektive rapporteringane til departementa. KMD ber om tydeleg rapportering på geografisk spreining av forskingsmidlane på våre område, jf. m.a. kap. 553, post 74.

Dei mest sentrale kriteria for måloppnåing for FORREGION er auka tal på bedrifter som samarbeider med forskingsmiljø, styrka regional forskingskapasitet for næringslivet sine behov og at innsats for forskingsbasert innovasjon nasjonalt og regionale forsterkar og utfyller kvarandre. KMD viser til tidlegare dialog om utvikling av styringsinformasjon og ber Forskingsrådet foreslå føremålstenelege indikatorar for måloppnåing for programmet innan 1. mars 2020.

6. Planlagde styringsmøte

Det vert lagt opp til styringsmøte for KMD sine tildelingar våren 2020. Dette møtet vil vere konsentrert om Forskingsrådet si måloppnåing, med utgangspunkt i rapporteringa frå

Forskringsrådet til KMD i årsrapport 2019 KMD vil kome tilbake til dagsorden og tidspunkt for møtet på eit seinare tidspunkt.

Departementet vil vurdere å gjennomføre eit styringsmøte hausten 2020 konsentrert om forslag til budsjett, utkast til tildelingsbrev og annen viktig informasjon i tråd med ønskje frå Forskringsrådet.

Med helsing

Hanne Finstad (e.f.)
avdelingsdirektør

Anny Skarstein
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kunnskapsdepartementet
Riksrevisjonen